

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 14/2595-4

## **Organisering av musea – evaluering. Rapport frå Norsk Kulturråd**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Evalueringsrapporten frå Norsk Kulturråd om organisering av museum vert teken til vitande.
2. Fylkeskommunale forventningar til Musea i Sogn og Fjordane vert formidla gjennom rådsmøte, i eigne dialogmøte mellom Musea i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen, og i dei årlege tilskotsbrev.
3. Fylkeskommunen vil i 2014/2015 ha fokus på Musea i Sogn og Fjordane sitt arbeid med å følgje opp dei funna som kjem fram i evalueringsrapporten.

#### Vedlegg:

1. «Organisering av museene – en evaluering av organisasjonsformer i kjølvannet av museumsreformen» - rapport frå Norsk Kulturråd.
2. Uttale frå Norsk Kulturråd
3. Organisasjonskart for Musea i Sogn og Fjordane
4. Tilskotsbrev for 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Rapporten frå Norsk Kulturråd om organisering av musea vart lagt fram som orienteringssak på hovudutvalet sitt møte 8.4.14. Hovudutvalet ba om å få rapporten lagt fram som eiga sak.

Konsolideringane på museumsområdet som er gjennomført etter St.meld nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* har ført til eit nytt museumslandskap i Norge. Mange mindre museum er samla under nye paraplyar. Stortinget sitt mål for konsolideringa har m.a. vore ei opprydding i tal einingar, og ei fagleg styrking av museumsarbeidet.

Prosessane rundt konsolideringa har til dels vore konfliktfylte over heile landet, sjølv om staten lokka med auka løyvingar. Organiseringa av dei nye einingane har variert; både organisasjonsform og korleis det enkelte konsoliderte museum har løyst intern organisering, eigarskap, m.m.

Norsk Kulturråd tok initiativ til å få ei organisatorisk evaluering av museumsreforma. Evalueringa vart gjennomført av Arbeidsforskningsinstituttet etter offentlig utlysning av oppdraget. Rapporten «Organisering av museene - en evaluering av organisasjonsformer i kjølvannet av museumsreforma» vart levert i 2013, og ligg ved saka som vedlegg 1.

Fire museumsorganisasjonar med tre ulike organisasjonsmodellar (stifting, aksjeselskap og interkommunalt selskap) er evaluert. I utgangspunktet var ikkje Musea i Sogn og Fjordane tenkt med i denne evalueringa, men vart tekne med fordi dei også har kunstmuseet med i sin organisasjon. Dette skil Musea i Sogn og Fjordane innhaldsmessig/organisatorisk frå andre konsoliderte museum i landet.

Det er gjennomført dokumentanalyse og intervju med tilsette i musea og interessentar rundt.

I evalueringa her Arbeidsforskningsinstituttet gjort samanliknande vurderingar av:

- bakgrunnen for konsolideringa og korleis det enkelte museum ser på denne i dag
- val av tilknytingsform
- fordelinga av tilskot/ressursar
- tilhøve mellom drifts- og eigarstyre
- administrativ profesjonalisering
- fagleg arbeid
- samarbeidsrelasjonar
- medverknad

I rapporten sin *Del 3 Avsluttende drøftelse og konklusjon* vert dei ulike funna drøfta opp mot kvarandre, og avslutta med nokre anbefalingar til Kulturrådet sitt vidare arbeid med organisering av museum i kjølvannet av museumsreforma. Anbefalingane er m.a. knytt til fagleg arbeid/grunnforskning, organisatorisk tolmod, strukturell forenkling, profesjonell leing, hospitering.

Norsk kulturråd har i eit udatert notat kommentert rapporten, jf vedlegg 2.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### **2.1 Rapporten sine konklusjonar**

Etter å ha studert kvart enkelt museum vert funna drøfta og forskarane lagar seg nokre hypoteser om kva korleis det samla resultat vil sjå ut. Her er vurderingane at Jærmuseet er komne relativt langt i konsolideringa, medan Musea i Sogn og Fjordane er komne relativt kort. Museene for kystkultur og gjenreising og Hedmark fylkesmuseum vert vurdert å ligge midt mellom. Dette er også konklusjonane når det gjeld samanlikning av dei fire musea. Det kan i denne samanheng vere verdt å nemne at dei evaluerte musea har ei ulik lang konsolideringsperiode bak seg. Musea i Sogn og Fjordane hadde ein heller kort konsolideringsperiode bak seg (2008/09), samanlikna med Jærmuseet som har vore konsolidert sidan 2002.

I rapporten vert det sagt at:

*“Studiene viser at museene jevnt over har fått bedre utnyttelse av sine ressurser, til tross for til dels store utfordringer. Forskerne mener derfor at det er rimelig å anta at konsolidering både har ført til stordriftsfordeler og i noen grad har utløst faglige synergier på tvers som kan komme de ansatte og publikum til gode, og som kan gjøre museene bedre egnet til å fylle sin samfunnsrolle”.*

Forskarane bak rapporten viser likevel til at den avgrensa ramma som låg til grunn for arbeidet deira har reist nye spørsmål og problemstillingar knytt til trongen for meir systematisk kunnskap.

Kulturrådet er lite konkrete på korleis dei vil følgje opp rapporten. Heller ikkje kulturdepartementet har gitt uttrykk for noko syn på funna i rapporten (jf statsbudsjettet for 2014). Det vil såleis vere opp til dei aktuelle musea å ta tak i dei funn som er gjort og jobbe aktivt med desse for å styrke konsolideringa.

Etter fylkesdirektøren sine vurderingar gir ikkje rapporten eintydige svar på om organisasjonsform i seg sjølv har stor innverknad på kvifor eit museum lukkast betre enn eit anna i ein konsolideringsprosess. Så vel interne som eksterne forventningar og haldingar vil spele inn her, og resultatet vil vere sett saman av mange og komplekse faktorar.

## **2.2 Rapporten og Musea i Sogn og Fjordane**

Rapporten drøftar mange viktige sider ved konsolideringa, sider som også er sentrale i einkvar organisasjon. Nokre faktorar som vil ha innverknad i ein konsolideringsprosess vil ikkje vere råd å gjere noko med t.d. når starta konsolideringsprosessen, geografi, folkesetnad, storleik og alder på einingane. Andre faktorar kan gjerast noko med, slik som fordelinga av tilskot/ressursar, tilhøve mellom drifts- og eigarstyre, administrativ profesjonalisering, fagleg arbeid, samarbeidsrelasjonar og medverknad. Det er difor viktig at dei funna som er gjort, vert tatt tak i, drøfta og gjort til gjenstand for handling. Styret for Musea i Sogn og Fjordane drøfta rapporten 05.12.13 og deira vedtak lyder slik:

*Styret tar Kulturrådets evalueringsrapport «Organisering av museene», til vitande. Styret rår til at det vert arbeidd vidare med dei tilrådingane som kjem fram i rapporten og som har relevans for Musea i Sogn og Fjordane.*

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det viktig at Musea i Sogn og Fjordane har ei aktiv haldning til dei funn og tilrådingar som kjem fram i rapporten, og som gjeld MiSF. Fylkeskommunen vil ha fokus på MiSF si oppfølging av dette i 2014/15.

## **2.3 Fylkeskommunen si rolle og utøving av denne:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er medstiftar av stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen hadde ei sentral rolle i konsolideringsprosessen i vårt fylke på same måte som andre fylkeskommunar har hatt det i sine fylke. Det er difor både interessant og viktig for fylkeskommunen å sjå til at organisasjonen og aktiviteten får ei god utvikling innan dei rammer dei til eikvar tid har. Sjølv om den evaluering som her er gjort, er relativt avgrensa i omfang (om lag 3 mndv), kan den sjølv sagt gi nokre svar, ikkje berre på sjølve organisasjonsforma som er valt, men også på korleis utviklinga har vore etter at stiftinga vart etablert og tok over drifta av musea i fylket.

Fylkeskommunen som regional styresmakt, stor tilskotsytar og den som sat i førarsetet ved konsolideringa, har ikkje vore kontakta i evalueringsprosessen, verken før, under eller etter at arbeidet vart gjennomført. Etter fylkesdirektøren si vurdering er dette ei svakheit ved denne rapporten, ikkje minst fordi fylkeskommunen kunne ha gitt utfyllande innspel på dei fleste av dei omhandla punkta.

Museumsaktiviteten er ein sentral del av kulturaktiviteten i fylket. Musea er viktige kunnskaps- og opplevingsentra for eigne innbyggjarar i fylket, og for tilreisande. Dei museumstilsette representerer ein høg fagkompetanse i fylket. Løyvinga til Musea i Sogn og Fjordane utgjer også ein stor del av det samla fylkeskommunale kulturbudsjettet. Utviklinga av museumsfeltet i fylket er såleis av største interesse for fylkeskommunen.

Musea i Sogn og Fjordane er også ein komplisert organisasjon, jf vedlegg 3, organisasjonskart. Ei forenkling her vil truleg vere rett veg å gå. MISF er ei stifting der fylkeskommunen har ei formell rolle i å oppnemne styreleiar og eitt styremedlem. Vi møter også i rådet for MISF. I tillegg vert det utforma årleg tilskotsbrev med forventningar til musea, jf vedlegg 4, og det vert gjennom året avvikla kontakt- og dialogmøter på ulike nivå der relevante tema vert sett på dagsorden.

Det er fylkesdirektøren si vurdering at i den grad fylkeskommunen skal følgje opp rapporten i høve Musea i Sogn og Fjordane, må dette skje gjennom dei etablerte kanalane.

## **3. Konklusjon**

Kulturrådet si evaluering av organisasjonsformer for musea i kjølvatnet av museumsreforma (konsolideringa) frå 2013 viser til dei undersøkte musea er komne ulikt langt i si konsolidering. Musea i Sogn og Fjordane vert vurdert til å ha komme relativt kort på dei variablane som er vurdert.

Musea er sentrale i kulturlivet i fylket. Det er i fylkeskommunen si interesse at dei fungerer godt, og er istand til å ivareta sine oppgåver på ein god måte innan dei rammene dei til eikvar tid har.

Fylkeskommunen nyttar etablerte kanalar til evt innspel til Musea i Sogn og Fjordane når det gjeld oppfølging av funna i rapporten.